



## Notat

Dato: 30.09.2015  
Arkivsak: 2014/560-192  
Saksbehandlar: ingtakl

---

<b>Til:</b>	Else-Marie Brobakke Aarø, Venke Barrikmo, Bård Sandal
<b>Frå:</b>	Ungdommens fylkesutval

---

### Innspel til folkehelseplanen frå Ungdommens fylkesutval

*Ungdommens fylkesutval vil føreslå for folkehelseplanen:*

- *At alle skular skal tilby eit sunt mat- og drikketilbod.*
- *Innføring av skulefrukt i vidaregåande skule til folkehelseplanen.*
- *At alle vidaregåande skular i fylket blir pålagt å utarbeide ein plan mot mobbing. (i samarbeid med skulen sine elevar.)*
- *Førebyggjande tiltak mot rusmisbruk blant unge i fylket.*

**Folkehelse er eit viktig aspekt for unge, og Hordaland Ungdommens Fylkesutval ynskjer å bidra til at folkehelsearbeidet i fylket får innspel frå ungdom sine perspektiv.**

#### **Innføring av skulefrukt**

Me i Ungdommens fylkesutval vil foreslå til folkehelseplanen at det vert innført tilbod om gratis skulefrukt i den vidaregåande skulen. Me syns det er viktig å setje fokus på sunne matvanar og skulen er ein av dei viktigaste arenaene for dette. Å la eit sunt kosthold bli ei rutine for elevane, skapar gode haldningar. Eit sunt kosthold med frukt og grønnsaker betrar konsentrasjonen og læringsevna, og difor meiner me at alle elevar på vidaregåande skal få tilbod om gratis skulefrukt.

#### **Eit sunt mat- og drikketilbod**

Fokus på sunne matvanar er som sagt svært viktig, og Ungdommens fylkesutval vil foreslå at alle skular i Hordaland skal tilby eit sunt mat og drikketilbod, med fokus på meir frukt og grønnsaker. Sal av usunn mat og drikk på vidaregåande skular, skal ikkje verte prioritert fordi det er billig eller effektivt å førebu. I følgje folkehelseinstituttet er 16-17% av alle 15 og 16-åringar i Noreg overvektige, og for høgt sukkerinntak har mykje av skulda. Me i Hordaland ungdommens fylkesutval meiner det skal vere tilbod om sunn mat og drikk som gjer elevane betre budde på skulearbeid.

#### **Utarbeide ein plan mot mobbing**

Alle skular skal vere ein stad med fokus på godt læringsmiljø og eit fint fellesskap mellom elevar og lærarar. For å sikre dette meiner Hordaland ungdommens fylkesutval at alle vidaregåande skular skal verte pålagt å

utarbeide ein plan mot mobbing. Kvar skule er unik og treng difor å utarbeide denne planen saman med elevane. Me syns at mobbeombodet som er oppretta i Hordaland er eit godt tiltak mot mobbing.

### **Førebyggjande tiltak mot rusmisbruk**

Me syns dei vidaregåande skulane bør leggje opp til liknande prosjekt som "FRI", som førebyggjande tiltak mot rusmisbruk. "FRI" prosjektet har vore utført på ungdomsskulen, og tilbakemeldingane har vore positive. Difor meiner me at det hadde vore fruktbart å bruke eit liknande prosjekt som rettar fokus på rusmisbruk, i den vidaregåande skulen.

<https://sites.helsedirektoratet.no/sites/fristed/Sider/default.aspx>

Venleg helsing

Hordaland ungdommens fylkesutval